

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er ikkje endeleg godkjent før etter neste instituttrådsmøte, og merknader til referatet må meldast til arve.uthaug@if.uib.no før neste møte.

Møtedato: 8. oktober 2008

Til stades:

Frå gruppe A: Ana Beatriz Chiquito, Lillian Helle, Benedicte Mosby Irgens, Lene Johannessen, Pernille Myrvold, Margery Vibe Skagen, Reidar Veland.

Frå gruppe B: Maria Kari Soriano Salkelsvik (gjeikk under sak 5).

Frå gruppe C: Kristin T. Skogedal.

Frå gruppe D: ingen.

I tillegg møtte instituttleiar Leiv Egil Breivik og administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug, begge utan røystrerett.

Sak 1 – innkalling og sakliste

Representantane for gruppe B (mellombels vitskapleg tilsette) og gruppe D (studentar) sit for berre eitt år om gongen, og det skulle vore gjennomført nye val for det akademiske året 2008/2009. Uthaug orienterte om at det ikkje har kome inn framlegg til kandidatar frå gruppe B etter kunngjeringa tidleg i september, og det vil derfor bli gjennomført forenkla val eller utpeiking for å sikra at gruppa er representert i rådet. Heller ikkje frå gruppe D har ein greidd å få valt representantar, og Uthaug lova at dette skulle ordnast snarast.

Veland spurde om ein ikkje burde avvikla normale, demokratiske val òg for gruppe A. Uthaug opplyste at vala som vart gjennomførte i 2007, følgde ein forenkla prosedyre med val på lærarmøte (jf retningslinene for instituttrådet ved IF, punkt 3). Uthaug undersøker med fakultetet om det bør gjennomførast nye val for gruppe A før valperioden på fire år er omme.

Sak 2 – referat frå møtet 10. september 2008

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Breivik orienterte om styringsdialogmøtet mellom fakultet og institutt 1. oktober. Dekanus, fakultetsdirektør, underdirektør og påtroppende studiesjef møtte frå fakultetet. Frå instituttet møtte instituttleiar, forskingsleiar, undervisningsleiar, studieleiar og administrasjonssjef. I samtalen med fakultetet tok instituttet m.a. opp behovet for nye stillingar (særleg japansk), spørsmålet om tid til forskning, ressursbruken på dei ulike studienivåa, inneklima og likestilling. Referatet frå styringsdialogen blir lagt ut på <http://link.uib.no/?5kdY0>.
- B. Lene Johannessen får kvalifiseringsstipend for kvinner frå fakultetet våren 2009.
- C. Uthaug orienterte om den nye eksternweben, som skal vera i bruk seinast i byrjinga av januar. Den nye eksternweben vil bli startside både for eksterne, studentar og tilsette.
- D. Breivik orienterte om at det framleis er uklart korleis budsjettet for 2009 vil sjå ut.

Sak 4 – høyring om forskingsstrategien ved Det humanistiske fakultetet

Chiquito gav ein kort presentasjon av saka og inviterte forsamlinga til å kommentera framlegget til forskingsstrategi for Det humanistiske fakultetet 2008-2011.

Breivik syntest det var positivt at Det humanistiske fakultetet endeleg hadde kome med ein forskingsstrategi. Chiquito syntest hovudmåla i planen var vel smålåtne, og meinte fakultetet burde sjå nærare på dette. Breivik viste til at det humanistiske fakultetet i Oslo hadde langt meir ambisiøse mål.

Chiquito meinte vidare at orda ”germansk” og ”romansk” burde ut i omtalen av språka, slik at språkbreidda som finst ved HF, blir synleggjort betre. Merkelappen ”romansk” har t.d. vore uheldig for spanskfaget, og for studentane tyder ikkje desse termene noko. Chiquito foreslo at dokumentet i staden burde bruka namna på dei einskilte språka, t.d. ”tysk” og ”spansk”, og Breivik var samd i dette. Han peikte på at ordet ”germansk” uansett var misvisande brukt i innleiinga til planen.

Soriano ville ha inn kulturkunnskap i omtalen av språka, i tillegg til språk og litteratur.

Veland meinte både språket og logikken var mangelfullt i framlegget til strategiplan.

Soriano reiste spørsmål ved formuleringa ”publiseringskanaler på høyt nivå”.

Samanhengen mellom kvalitet og nivå ein og to er problematisk slik systemet no fungerer. Høyringa om strategiplanen kan vera eit nytt høve til å melda tilbake til fakultetet om denne saka. Breivik var samd i at innplassering på nivå ofte er arbitrær. Skagen var samd i at det noverande systemet med nivåplassering av publiseringskanalar ikkje fungerte godt nok.

Johannessen hadde ingen ting imot sjølve systemet med nivå ein og to. Dette var òg Soriano samd i, og kritikken hennar vende seg først og fremst mot at innplasseringa av publikasjonar vart styrt av ei fast prosentvis fordeling mellom nivå éin og to. Breivik hadde inntrykk av at fakultetet var merksam på problemet og følgde opp saka på nasjonalt nivå.

Breivik syntest punkt 2 om å sikra tid til forskning var blodfattig. Chiquito meinte at bruken av kvalifiseringsstipend for kvinner burde takast med, anten under punkt 2 eller ein annan stad. Uthaug tykte òg punkt 2 var defensivt, og at det ikkje inkluderte noko nytt ut over det ein allereie gjer i dag. Breivik viste til at bruk av universitetslektorar for å avlasta forskarane ved instituttet var eitt av punkta IF hadde med i sin plan. Johannessen meinte strategiplanen for fakultetet burde seia noko om korleis undervisninga kan organiserast for å sikra forskinga. Veland tykte formuleringane under punkt 2 var spinkle og ansvarsfråskrivande. Han meinte òg ein kunne minna om at den enkelte vitskapleg tilsette hadde forskning som ei *plikt*, som forskaren har eit sjølvstendig ansvar for å følgja opp. Breivik la til at ein òg måtte sjå på eksamens- og undervisningsformer opp mot tid til forskning: Kvalitetsreforma med sine ideelle krav reduserer rommet for forskning. Soriano var samd i at ein hadde ansvar for å forska, men meinte undervisningsbyrda varierte mykje etter kva kurs ein hadde, slik at kurs med mange studentar ofte førte med seg mykje administrativ oppfølging. Soriano meinte ein burde ha lektorstillingar på kurs der det var mange studentar og mykje rettarbeid.

Punkt 3 handlar om å auka forskarmobiliteten. Chiquito spurde om kva som var meint med delfinansiering av gjesteforskaropphald og meinte dette punktet burde konkretiserast. Og kva tyder det å "etablere fleire institusjonelle nettverks- og samarbeidsavtaler knyttet til forskning"? Breivik viste til at instituttet har mange utvekslingsavtaler for studentar, men fakultetet ønskjer òg fleire avtaler på forskarnivå. Helle tok opp spørsmålet om utleige og leige av hus i utlandet i lys av dei nye skattereglane, og Breivik peikte på at stoda var spesielt vanskeleg for stipendiatar og folk som har småborn.

Punkt 4 om forskarutdanninga inneheld punkt som er drøfta breiare i handlingsplanen for forskarutdanning. Veland meinte punktet om gjennomføring på normert tid burde strykast, fordi det ikkje handla om styrking av forskarutdanninga. Uthaug meinte gjennomføring på normert tid styrka forskarutdanninga gjennom å opna for at fleire får ta doktorgraden. Helle spurde kva det betydde å evaluera rekrutteringsrutinane for tilsetjing. Soriano viste til at vurdering av søknadene til utlyste stipend burde gå raskare.

Punkt 5 handlar om kontakt mellom fakultetet og grunneiningane. Breivik viste til at Institutt for framandspråk har vore oppteken av at informasjonsflyten frå fakultetet til

instituttet og frå forskingsavdelinga til instituttet ikkje fungerer godt nok. Dette vart teke opp av forskingsleiar i styringsdialogen med fakultetet 1. oktober. Fakultetet er merksam på denne utfordringa. Det er òg oppretta ei eiga forskingsavdeling på fakultetet, men denne avdelinga har vi så langt sett lite til, ifølgje Breivik.

Chiquito og Johannessen streka under at infrastrukturen for forskinga (punkt 6) er eit viktig punkt. Chiquito peikte på at instituttet må byggja opp ein kostbar infrastruktur dersom ein skal gje tilstrekkeleg assistanse i arbeidet med søknader om forskingsmidlar. Ho meinte strekpunkt 1 og 2 burde presiserast til at ein på institutta skal ha kompetanse til å laga skikkelege budsjett. Breivik viste til at det var eit alternativ få hjelp utanfrå til dette, t.d. frå den nye forskings- og formidlingsavdelinga på fakultetsnivået. Chiquito såg det som viktig å avklara arbeidsdelinga mellom fakultetet og instituttet når det galdt forskingsadministrative tenester.

Punkt 7 dreier seg om å rekruttera dei beste forskarane. Johannessen meinte det skurra litt mellom første og andre strekpunktet: Kanskje punktet om kvinner høyrer betre heime ein annan stad? Veland var samd i dette. Han meinte punktet om rekruttering av kvinner kunna leggjast inn i eit nytt punkt 9, og Johannessen støtta dette.

Under punkt 8 om internasjonalisering, etterlyste Chiquito eit senter for språksørvis. Breivik viste til at instituttet har sendt brev og etterlyst dette tidlegare. Soriano minte om at nokre forskarar òg treng språkvask på norsk. Ho meinte ein generelt burde kunna gje støtte til språkvask på høgt nivå, anten artikkelen var på norsk eller andre språk.

Instituttleiar Breivik opplyste at han ville laga eit resymé på bakgrunn av diskusjonen i rådet og senda det over til fakultetet som fråsegn frå instituttet.

Sak 5 – Styrings- og leiingsformer ved UiB sentralt

Det er gitt utvida høyringsfrist i saka om styrings- og leiingsformer. Først skal instituttet uttala seg om styrings- og leiingsformer ved universitetet sentralt, i neste omgang kan ein koma tilbake til styrings- og leiingsformer på institutt- og fakultetsnivå.

Diskusjonen i rådsmøtet handla om dei to alternative modellane: tilsett rektor og ekstern styreleiar, eller valt rektor som òg er styreleiar.

Irgens hadde i prinsippet sans for ein tilsett rektor med høg motivasjon for å gjera ein innsats. Veland var skeptisk til modellen med ekstern styreleiar, og var tilhengar av valt rektor. Uthaug såg det som naturleg at rektor samla makt internt ved institusjonen, men var skeptisk til at rektor òg skulle vera leiar av styret, som er kontrollorganet over rektor. Helle meinte

modellen med tilsett rektor kunne gje institusjonen både rektor og styreleiar som universitetet var lite tent med. Ho var òg tilfreds med det noverande rektoratet og ønskte å halda fram med den noverande ordninga med valt rektor. Chiquito meinte at tilsett rektor la til grunn at universitet skulle styrast som ei bedrift, og det er ikkje ein god modell. Den øvste leiaren burde derfor vera vald. Irgens spurde om det var realistisk at det ville bli tilsett ein business-type inn som rektor.

Det verkar som dei vitskapleg tilsette er meir nógde med den noverande modellen, og at motstanden som har vore, har kome frå administrativ side, ifølgje Helle. Ho peikte på at administrasjonen bør vera til for dei vitskaplege si skuld, ikkje omvendt. Breivik meinte det var bra at universitetet har fått ein sterk rektor, ein rektor som har legitimitet i fagmiljøa òg ved HF og SV. Johannessen syntest vi burde halda fast på dagens ordning. Chiquito la til at rektor har ei viktig rolle som UiBs andlet utetter, og då er det bra å ha ein sterk rektor.

Instituttrådet røysta over kva råd ein skulle gje i denne saka. Sju røysta for valt rektor, ingen for tilsett rektor, og éi røysta blankt.

Referent:

Arve Kjell Uthaug,

10. oktober 2008